



Høgskulen  
på Vestlandet

# Samtidsdagane 2023

Psykisk helse og FNs berekraftsmål



Tysdag 14. og onsdag 15. februar 2023

# Kjære alle saman!



Det er ei glede å ønskja velkommen til årets Samtidsdagar på campus Stord!

Årets program imponerer og vidarefører ein solid tradisjon med tematikkar som ringar inn store og viktige saker i samfunnet vårt. Psykisk helse og FN sine berekraftsmål er pilarane i år og særskilt aktuelt stoff. Det treff våre studentar, tilsette og samarbeidspartnarar godt. Nytt av året er at Samtidsdagane er kopla saman med sirkulærdagen på campus Stord og berekraftsvekene i Stord kommune. Eit spennande grep som styrker oss alle. Saman byggjer me kunnskap med høg samfunnsrelevans og kvalitet.

For i ei tid med ufred, økonomisk uvisse og villfarne informasjonsstraumar og konspirasjonsteoriar, er det høgskulens oppgåve å hegna om og styrka tilliten til vitskap, å leggja grunnlag for den gode dømmekrafta, og å skjera gjennom spreidinga av løgn, propaganda og forsøk på manipulasjonar. Det er vår oppgåve å søka sanninga og leggja vitskapelege metodar til grunn for forskning og utdanning. Det er vår oppgåve å formidla denne kunnskapen lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Gjennom kunnskapsbygging og deling har me innverknad på løysinga av vår tids store problemstillingar og til å byggja mot: Mot til å satsa på utdanning i samspel med andre studentar, mot til å byggja kunnskap

og dugleikar over tid, og mot til å bruka seg sjølv og egne kunnskapar og dugleikar i byggjande verksemd og i samspel med vårt arbeids- og samfunnsliv.

Arbeidet med Samtidsdagane er ein viktig møteplass for kunnskapsbygging og kompetanseutvikling i Sunnhordlandsregionen og langs heile Vestlandet.

Samtidsdagane finn og sin naturlege plass innanfor HVL sin nye strategi gjeldande frå 2023 til 2030. Ein strategi som nettopp peikar på eit slitesterkt og ansvarleg samarbeid mellom kunnskap, folk og samfunn.

Visjonen til høgskulen er enkel, men talande, i strategien:

*Kunnskap som byggjer menneske og samfunn.*

Visjonen er tufta på felles verdiar. Det handlar om å «inkludera», «utfordra» og «samhandla». Tre verdiar som det er lett for årets Samtidsdagar å kjenna seg igjen i.

Avslutningsvis vil eg takka programkomitéen for stort engasjement og godt arbeid over fleire år. Slikt arbeid set varige spor.

Eg gler meg til framhaldet!  
Lukka til med Samtidsdagane 2023!

**Gunnar Yttri**

Rektor Høgskulen på Vestlandet

# Helsing frå ordføraren



Endeleg er det klart for ei ny utgåve av Samtidsdagane her på Høgskulen på Vestlandet Campus Stord.

Sidan oppstarten i 2009 har Samtidsdagane vore ein årleg møtestad og arena for kunnskap og refleksjon over samtida vår. Med aktuelle tema, eit sterkt program og relevante føredragshaldarar har ein kvart år greidd å samla ikkje berre studentane her på høgskulen, men også elevar og lærarar frå andre skular, ulike yrkesgrupper og samfunnsinteresserte innbyggjarar på Stord og i regionen rundt oss.

Også i år kan me sjå fram til til eit spennande og variert program, med fokus på nokre av dei store utfordringane i vår tid: psykisk helse og utenforskap, demokrati, internasjonal politikk og berekraft og klima. Her er mykje å læra både for studentar, offentlege og private verksemdar og samfunnsengasjerte innbyggjarar flest.

Nytt av året er at den årlege Sirkulærdagen ved høgskulen er trekt inn i programmet i samarbeid med Berekraftsvekene til Stord vidaregåande skule. Stord kommune er også involvert i Berekraftsvekene i år, og eg vonar dette er eit samarbeid me kan utvikla vidare i åra som kjem.

På vegner av Stord kommune vil eg takka høgskulen så mykje for at de i år igjen arrangerer Samtidsdagane. Det betyr mykje for kommunen og regionen at me har ein utoveretta høgskule som inviterer og legg til rette for auka kunnskap om og styrka engasjement for samfunnet me alle er ein del av.

Lykke til med arrangementet!

Beste helsing  
**Gaute S. Epland**  
Ordførar Stord kommune

# Tysdag 14. februar



Kl. 09.30 – 09.45 – AULA

## Opning av Samtidsdagane 2022

Gunnar Yttri, rektor på Høgskulen på Vestlandet.

Gaute Epland, ordførar Stord.



Kl. 09.45 – 10.45 – AULA

## Vår veg ut – om eteforstyrning, skam og håp

v/Kari Løvendahl Mogstad, Ester M. Espeset og Christine Øye.

Fastlege og spesialist i allmenmedisin Kari Løvendahl Mogstad vil fortelja om då hennar eiga dotter fekk eteforstyrning. Ho vil prate om pårørande si rolle når ein alvorleg sjukdom rammar sitt eige barn. Innleiinga byggar på den kritikkarroste boka «Vår vei ut – en fortelling om spiseforstyrrelse, skam og håp». Etter innleiinga vil Mogstad delta i ein samtale med Ester M. Espeset, psykologspesialist og prosjektleiar for barn og unges helseteneste i Helse Fonna. Samtalen ønsker å skaffe auka innsikt i og kunnskap om eteforstyrningar, noko som er viktig og relevant for alle som jobbar med barn og ungdom.

Samtalen vert leia av Christine Øye, prodekan for forskning, Falkullet for helse- og sosialvitskap, Høgskulen på Vestlandet.



KI. 11. 00 – 12.00 – AULA

## Emily forever – om utanforskap, klasse og unge menneske i vår eiga samtid.

v/ Maria Navarro Skaranger og Frode Thuen.

Forfattar Maria Navarro Skaranger skriv sterkt om utanforskap, klasse og unge menneske i vår eiga samtid.

I bøkene hennar møter me karakterar som både er produkt av det miljøet dei har vakse opp i, men viser oss at menneske aldri berre er eit resultat er eigne omgjevnader. Debutromanen «Alle utlendinger har lukka gardiner» vart nominert til Tarjei Vesaas debutantpris, og romanen «Bok om sorg (Fortellingen om Nils i skogen)» vant EUs litteraturpris 2020. Skaranger kjem til Stord for å prate om sin siste roman «Emily Forever». Her møter me Emily, som er nitten år og gravid, og Pablo som er faren til barnet og held seg unna Emily. Boka fekk enormt god mottaking av kritikarane då ho kom ut, og vart nominert til ungdommens kritikarpris.

Professor og psykolog Frode Thuen, Høgskulen på Vestlandet, vil leie samtalen med Maria Navarro Skaranger.



KI. 11.00 – 12.00 – UND103

## O bli hos meg – om ti menneske sin sårbare barndom i den norske misjonen.

v/ Lene Ask og Leif Steinar Alfsvåg.

«O bli hos meg» av forfattar Lene Ask, er ei sår og dokumentarisk bok om barndommen til ti ulike menneske i den norske misjonen. Felles for dei alle er den smertefulle skiljinga frå foreldra, og opplevinga av å ikkje høyre til nokon stad. Ask fortel intervjuobjekta sine historier med stor respekt og utan fordømming. På denne måten får ho fram nyansane i forteljingane på meisterleg vis. Mange av historiene ber preg av omsorgssvikt og grove overgrep, samstundes får me høyra om respekten barna hadde for foreldra sine og arbeidet dei gjorde.

Høgskulelektor Leif Steinar Alfsvåg, Institutt for helse- og omsorgsvitskap, Høgskulen på Vestlandet vil leie samtalen med Lene Ask.



Kl. 12.45. 13.45

## Oss mot verda. Å vere fattig i Noreg.

v/ Kaisa Hansen-Suckow og Stina Eiet Hambe

Kaisa Hansen-Suckow vil fortelja om å vera fattig i dagens Noreg med utgangspunkt i den sterke boka «Oss mot verda. Å vere fattig i Norge» som kom ut i fjor. Om å tilbringe jula i ei campingvogn, ha 18 kroner på konto og å leite etter mat i søppelkontainere. I dette foredraget vil de få høyra ei historie om kredittkortgjeld, svolt og kranglar med NAV, og om korleis uroa for å få kvardagen til å gå rundt, kan ta pusten frå deg. Det er og ei historie om kjærleik, venskap og ein lang kamp for sjølvrespekt – for Kaisa og alle som har vakse opp på denne måten.

Etter innleiinga vil Hansen-Suckow delta i ei samtale med Stina Eiet Hamberg, seniorrådgjevar barns levekår og inkludering, Redd Barna. Samtalen ønsker å skaffe auka innsikt i og kunnskap om barnefattigdom, noko som er viktig og relevant for alle som jobbar med barn og ungdom.

Programposten skjer i samarbeid med Sirkulærdagane



Kl. 12.45 – 14.00

## Dei moderate folkepartia sine fall i Europa

v/ Tarjei Skirbekk

Idehistorikar og forfattar Terje Skirbekk argumenterer i si nye bok «De moderate folkepartienes fall i Europa», for at dei tradisjonelt breie og moderate partia sjølv har bidrege til å leggja grunnlaget for sin eigen nedgang og polariseringa me er vitne til. Han advarer mot utviklinga, men meiner at den ikkje er ustøppeleg. Tvert imot meiner han at det både er mogleg og naudsynt å bygga opp att dei moderate partia, for å sikre politisk og sosial stabilitet i Europa. Korleis kan partia lukkast med dette? Skirbekk jobba som rådgjevar for utanriksminister Jonas Gahr Støre, og har vært rådgjevar til forhenværande og nåværande konsernsjef i Equinor.



## Politikk i Xi Jinping's Kina

v/ Siv Helland Oftedal

Under president Xi Jinping har Kina blitt ei global supermakt som utfordrar USA's hegemoni, ein konfrontasjon som også har satt Kinas tilhøve til Europa på prøve. Men sjølv om Kina har fått ein auka plass i nyheitsbilete veit dei fleste framleis lite om korleis Kina blir styrt. Korleis ser Kinas politiske landskap ut? Korleis har Xi Jinping endra dette systemet? Har landet blitt meir autoritært dei siste tiåra?

I dette innlegget vil førstelektor Siv Helland Oftedal, frå Universitet i Oslo, gi oss ein introduksjon til Kinas politiske utvikling og korleis denne formar Kina som global aktør.

Programposten skjer i samarbeid med Berekraftsvekene på Stord



Kl. 14.15 – 15.00 – AULA

### Kvit, norsk mann – om norsk oppvekst og norsk rasisme

v/ Brynjulf Jung Tjønn og Fredrik S. Hagen.

Boka «Kvit, norsk mann» av Brynjulf Jung Tjønn har fått fantastisk mottaking. Boka byggjer på forfattaren sine egne erfaringar frå ein oppvekst i Feios i Sogn og Fjordane. Det er ei samling vonde og kloke dikt om norsk oppvekst og norsk rasisme. Korleis er det for eit adoptivbarn å komma til Noreg som ei reserveløysing, eit gjenbruksbarn som vert odelsgut? I samtalen vil Tjønn snakka om korleis det har vore å verta utsett for rasisme i oppveksten, og korleis det har vore å få spørsmål om kor han eigentleg kjem frå.

Samtalen vert leia av høgskulelektor Fredrik S. Hagen, Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag, Høgskulen på Vestlandet.

# Onsdag 15. februar



Kl. 09.00 – 10.00

## Perla furunål. Ei innføring i barn sin lek

v/ Birgitte Fjørtoft og Marit Frimannslund

Ei perla furunål. Ein svolten krokodille på veg til å bite. Ein einhjørning som flyg gjennom lufta. Barns lek er svært forunderleg. Leiken inneheld på eit vis alt og ingenting. Alt, avdi den representerer barn sin måte å vera i verda på. Ingenting, avdi den er formålslaus, flyktig og ofte uføre-seieleg.

I denne programposten vil Birgitte Fjørtoft, forfattar og redaktør for tidsskriftet Barnehagefolk, ta deg med i leikens verd og presentere ulike inngangar til kva tyding leiken har for barn, og korleis vaksne kan stilla blikket inn på det leikande uttrykket. Innleiinga bygger på boka «Perlet furunål – en innføring i barns lek». Etter innleiinga vil høgskolelektor Marit Frimannslund, Høgskulen på Vestlandet, leie ei samtale med Fjørtoft med utgangspunkt i barn sin lek.



Kl. 10.00 – 11.00

## Lek og læring. Korleis gode intensjonar kan ødelegga barn si lærelyst

v/ Charlotte Lunde og Kjerstin Sjørnsen

Livet er ikkje ein lek, men barndom utan lek kan gi dårleg psykisk helse. Lek i tidleg barnealder gir det beste grunnlaget for seinare læring og vekst. Leiken er og ein læringsform dei små barna liker best. Men kva har skjedd med leikens plass gjennom seksårsreforma, endringar i barnehagane, skulens prioriteringar, og meir vaksenstyrte aktivitetar på fritida? Kva er den auka bruken av anti-depressiva, sovemiddel og ADHD medikament hjå barn og unge egentleg eit uttrykk for? I denne programposten vil høgskolelektor Kjerstin Sjørnsen, Høgskulen på Vestlandet, leie ei samtale med lege og journalist Charlotte Lunde, som har skrive boka «Lek og læring i et nevro-perspektiv. Hvordan gode intensjoner kan ødelegge barns lærelyst».





Kl. 11.15 – 12.15

## Å setja saman bitane –ein samtale om å veksa opp med rus og vold


v/Martin Eia-Revheim og Torhild Kielland

Det er diverre mange barn som lever med alvorleg omsorgssvikt og vold i kvardagen. Men, sjølv om dei skada barna er rundt oss kvar dag – i kvar barnehage, i kvar skuleklasse, i kvart nabolag, og på kvar arbeidsplass – kan deira lagnad ofte fortone seg ganske usynleg for menneska rundt, om ein ikkje ser etter.

I denne programposten skal Martin Eia Revheim fortelja den sterke historia basert på boka «Å sette sammen bitene. Min historie om vold, skam og reparasjon». I boka fortel han om oppveksten sin med ein valdeleg og uberekneleg far. Ingenting av dette vart oppdaga. Boka handlar og om pappaen som sviktar i omsorgsrolla, men mest av alt om sonens kamp ut av faren sin skugge. Samstundes er ingen foreldre demonar, og det er nett forholdet mellom gode og dårlege minne som gjer barn usikre i ønsket om å reparere relasjonen. Ein kamp mange kjempar heilt til det er for seint. Eia-Revheim skildrar forholdet med ambivalens, her er og kjærleik og lengsel, ikkje berre vonbrot og misnøye. Får du litt kjærleik vil du ha meir, skriv han. Kven kjenner seg ikkje att i det?

Torhild Kielland, rådgivar i Fagrådet – Rusfeltets hovedorganisasjon, leier samtalen med Eia-Revheim.

12.15 – 13.00: Lunsj



Kl.13.00 – kl. 14.00

## Ei samtale om den tunge sorga og den store kjærleiken

v/ Therese Tungen og Ane Skumsvoll

Korleis kan ein greie å bere sorga over å miste eit barn? Therese Tungen er forfattar og mora til Edvin, som døyr nokre veker før han skulle fylt 7 år. I ei av fjorårets aller beste bøker «Snu deg. Edvins bok» skriv ho om guten sin, slik som han var; om møtet med døden, og om ein familie som prøver å forstå korleis dei kan gå vidare, utan Edvin. Tungen kjem til Stord for å snakka om den tunge sorga og den store kjærleiken, og om å halde fast i litteraturen når alt glepp.

Samtalen vert leia av Ane Skumsvoll, skodespelar, regissør og kunstnarisk rådgjevar ved Haugesund Teater.



Kl. 13.00 – kl. 14.00

## RUS – Avhengighetens paradoks

v/ Trond Bjerke og Ingvild Brekke Myhre

Trond Bjerke har vore innlagt for rus og mental lidning eit tosifra antal gonger, fått elektroshokk eit tredvetals gonger, og prøvd alt av behandling og medisiner. Den same Trond Bjerke er ein framstående akademikar med doktorgrad i samfunnsvitskap, er forskingleiar ved rusklinikken på Universitetet i Nord-Norge, gift familiemann og far til tre. I denne programposten som bygger på boka «RUS avhengighetens paradoks» undersøker han sin dobbelkompetanse, og går både analytisk og litterært til verks, i eit forsøk på å sirkle inn ufridommens årsaker og komplekse fenomen. Han orienterer seg breidt og støtter seg til ei rekke fagfelt og disipliner, frå Spinoza til Stearns, frå Wittgensteins «språkspill» til Baudrillards «maskespill», frå Kierkegaard til Knausgård.

Ved å løfte personlege erfaringar og si individuelle forteljing inn i ein større kulturell og historisk kontekst, peikar Bjerke mot noko djupt eksistensielt og ålmennmenneskeleg som handlar om sårbarheit, vørndnad og overleving, og om å forstå samtida, omverda og seg sjølv.

Ingvild Brekke Myhre, samfunnskontakt, Høgskulen på Vestlandet, campus Stord, vil leie samtalen med Bjerke etter innlegget hans.



Kl.14.15 – 15.15

## Elias og Benjamin. Ei forteljing om å vere far i møte med det utenkelege

v/ Lars Petter Kjær

Korleis møter ein sorg etter sjølv mord? Og korleis kan ein handtera skulda, maktesløyse, skam og kjensla av ikkje å ha gjort nok? Lars Petter Kjær mista to søner til sjølv mord i løpet av eit halvt år. I denne programposten vil han snakke om sjokket etter at den eine guten døydde, og korleis han ikkje klarer å hjelpe tvillingbroren frå å gå til grunne ilag med sin bror. Tvillingane var knytt tett saman. Dei var begge resurssterke, men dei hadde og høgt fungerande autisme (Asperger). For dei kunne det vere vanskeleg å forstå egne og andre sine følelsar og reaksjonar.

Kjær er utdanna psykolog og er ein synleg far som tek aktivt del i barnas liv. Han er grunnleggjande optimist. Han ønsker å forstå sine barn, og legg til rette for at dei skal få ta del i livet, aktivitet og ferie, glede i kvardagen og sjanse for betring. Elias sjølv mord og Benjamins enorme tap, er det brått lite som nyttar. I møte med ei så total livskrise vel Kjær aktivt at livet må gå vidare. Han kjem til Stord og vil fortelja om korleis han har lært seg å leve med sorga etter ei eksistensiell krise.

# Samtidsdagane 2009-2023

For fjortande året på rad inviterer Høgskulen på Vestlandet til Samtidsdagane.

## Tidlegare tema og forelesarar:

- 2022:** Psykisk helse  
Vilde Bratland Hansen, Hilde K. Kvalvaag, Katrine Sele, Marthe Valle, Anders Totland m.fl.
- 2021:** Samhandling i ei endra verd  
Olaug Nilssen, Sandra Lillebø, Ole Jacob Madsen, Adel Khan Farooq, m.fl.
- 2020:** Psykisk helse og berekraftig utvikling  
Margrethe Olin, Peder Kjøs, Thorvald Steen, Sigrí Sandberg, Siri Helle, Frode Thuen Ellen Kristvik, Liv Kari Eskeland
- 2019:** Oppvekst, omsorgssvikt og psykisk helse, og mangfald, integrering og det fleirkulturelle Noreg  
Kai Eide, Vigdis Hjorth, Niels Christian Geelmuyden, John Peder Egenæs, Camara Lundestad Joof, Svein Egil Omdal, Ivo de Figueiredo
- 2018:** Psykisk helse og internasjonalisering  
Olaug Nilssen, Gro Dahle, Anne Bitsch, Sigurd Falkenberg Mikkelsen, Cathrine Moe Thorleifsson, Anne Birgitta Nilsen, Nina Brochmann og Anders Totland.
- 2017:** Omsorgssvikt og en verden i endring  
Hilde Frafjord Johnson, Åsne Seierstad, Thomas Ergo, Helga Flatland, Anders Torp
- 2016:** Vold i nære relasjonar og migrasjon  
Inga Marte Thorkildsen, Helene Uri, Hege Moe Eriksen, Frøy Gudbradsen, Stein Inge Jørgesen
- 2015:** Folk på flukt  
Marte Michelet, Hege Moe Eriksen, Simon Stranger, Jon Gangdal, Oda Faremo Lindholm
- 2014:** Borgerkrigen i Syria - en geopolitisk krise?  
Robert Mood, Guri Hjeltnes, Bernt Hagtvedt, Anne Sender, Yousef Assidiq
- 2013:** Ekstremisme på fremmarsj - Mangfold, respekt og verdighet  
Sturla J. Stålsett, Margareth Olin, Øyvind Strømme
- 2012:** Afrikas Horn og Den arabiske vår  
Kai Eide, Leni Stenseth, Norsk folkehjelp, John Peder Egenæs
- 2011:** Utviklingen i Afghanistan og Det moderne Kina  
Bård Vegar Solhjell, Philip Lote
- 2010:** Midtøsten og Det fleirkulturelle Norge  
Erik Fosse, Atle Sommerfeldt
- 2009:** Valget i USA og utviklingen i Kongo  
Ole Moen, Anders Magnus



@hvl.no



@hvl.no



youtube/hvl

[hvl.no/samtidsdagene](http://hvl.no/samtidsdagene)